

Årsmelding

FJALER SOKNERÅD ÅRET 2025



Framsdebilete: Dale kyrkje, måleri av Antonio Bernal (av fotografi teke av Joy Taylor).

Innleiing

Årsrapporten speglar det meste av aktiviteten til den lokale kyrkja i Fjaler. Kyrkjeverje er «redaktør» saman med kyrkjesekretæren, men både sokneprest og kantor har skriva om sine ansvarsområde.

Årsrapporten vil vere tilgjengeleg på Fjaler sokn si heimeside: www.fjaler.kyrkja.no, og blir lagt ut i kyrkjene/kapella og kan hentast på kyrkjekontoret.

Gudstenester, der mellom anna kor og barn som deltek i trusopplæringstiltak er involvert, har vore og er framleis Fjaler sokneråd sitt hovudsatsingsområde.

Vi har arbeidd særleg med desse tre sakene dette året:

Rehabilitering av tak på Guddal kyrkje, skip og kor

Bispevisitas i september

Fortsettelse av oppgraderingar på Ljosheim forsamlingshus

Rehabilitering av taket på Guddal kyrkje

Det har i lengre tid vore utfordring med kyrkjetaket på Guddal kyrkje. Fester til skiferhellene har gradvis forvittra, og nokre har falle ned frå taket. Det har vore registrert noko skade i treverket innanfor skiferhellene, og skiferhellene har og vist slitasje over tid. Taket over våpenhuset (inngangspartiet) og prestesakriet (bak alteret) vart skifta ut og taket forsterka på starten av 1990-talet. Medan hovudtaket over skipet og koret ikkje har vore rehabilitert sidan ombygging og utviding av kyrkja i 1870. Taket på kyrkjetårnet har og behov for rehabilitering, men er ikkje med i dette prosjektet.

Kontraktssinngåing vart gjort våren 2025 mellom kyrkjeverja og tømrarfirmaet Aase & Hegrenes, Sunnfjord. Rehabilitering av taket var prissett til kr 1,06 million, og ein enda på totalt 798 609 kr, noko som gjer at vi kan setje av ca 191 000 kr til investeringsfond og ha det på lur til den gongen vi tek taket på tårnet. Arbeidet var nesten ferdigstilt då biskopen hadde visitas, og ho fikk ei kort innføring i framgongen då ho var på foredrag i Guddal kyrkje om myrgravene.

Bispevisitas 9.-11. og 14. september

Biskop i Bjørgvin, Ragnhild Jeppsen heldt visitas i Fjaler i september 2025. Visitasen inneheldt diverse besøk rundt i kommuna, lokale og regionale møter for vigsla og tilsette, samt kommunetilsette og -styret, salmekveld i Folkestad bedehusapell med påfølgande kveldsmat, foredrag i og rundt Guddal kyrkje med Musea i Sogn og Fjordane sin eingen Aleksander Rabouti om myrgravene på Guddal, tidebøn i Dale kyrkje, overlapping med Teaterfestivalen og felles arrangement og til slutt gudsteneste i Dale kyrkje der alle kora i soknet, biskopen og prosten deltok saman med våre faste og kjende tilsette. Etter gudstenesta var det duka for «kyrkjekaffi» og visitasforedrag på Ljosheim der biskopen fortalde om kva ho hadde opplevd dei dagane ho var her, samt kva ho ynskjer vi tek med oss inn i vårt vidare arbeid dei komande åra. Ein sentral ting som har blitt gjenteke ganske mange gonger er eitt utvida samarbeid med Askvoll. Dette ser vi i staben fram til å vidareutvikle dei komande åra.

Fortsetjing av oppgraderingar på Ljosheim forsamlingshus

Ljosheim er eitt bygg som har byrja bli prega av tidens tann. Den største oppgraderinga som har blitt gjort i 2025 var at vi endeleg fikk internett på huset. Dette er av typen som blir sendt via antenner frå kyrkjekontoret, med eigen sendar i kvart hovudområde på Ljosjheim. Dette sørgjer for at vi kan ha eitt stabilt nett i alle rom til ei kvar tid, samstundes som vi held kostnaden nede når det kjem til abonnement.

FJALER SOKNERÅD

2023-2027, har 6 faste, leke medlemer.

Faste medlemer:

Trude G. Høgseth Felde, leiar
Terje Roald Halsnes, nestleiar
Hugo Fretland
Sissel Irene Bringeland
Ole Jakob Nedrebø
Geir Magne Kleppe
Hjørdis Åsnes, kommunal representant
Knut Arne Kummeneje, sokneprest

Varamedlemer:

1. Solveig Nitter
2. Elisabeth Hove Bråtane
3. Kari Heier Nistad
4. Lene Therese Solheim Valvik.
Marthe Eimind, vara for kommunal representant

Kyrkjeverja møter som sakshandsamar og sekretær for Fjaler sokneråd

Soknerådsmøte, -saker, representasjon, samlingar, soknemøte mm.

Fjaler sokneråd har hatt 7 møte og handsama 58 saker.

Budsjett, økonomiplan, rekneskap, årsrapport, gudstenesteplan og offertildeling er årlege saker.

Saker som gjeld kyrkjer og gravplassar vert nemnt under dei kapitla.

Det vart ikkje kalla inn til soknemøte i 2025.

TILSETTE OG ANDRE

Kyrkjeverje: Kristin Kalstad, 100%

Kyrkjeseekretær: Hildegunn Helleset, 40%. Hildegunn er og kyrkjeseekretær i Askvoll sokn.

Kantor: Mark Taylor, 100%

Prestetenesta

Sokneprest: Knut Arne Kummeneje i 100% stilling.

Kyrkjetenarar i Dale kyrkje,

Oddbjørn Bjordal, med ansvar for arrangement knytt til helg.

Nadiia Vysochanska, 30% med ansvar som kyrkjetenar kvardagar i Dale kyrkje, og reinhald på Ljosheim og kyrkjekontoret.

Kyrkjetenar i Guddal kyrkje

Ihor Tarnavskiy, 5% f.o.m. 28. september 2025

Kyrkjetenar Hellevik- og Folkestad bedehuskapell

Ved Folkestad bedehuskapell har Våge krins bedehusforeining ved leiar Randi Fretland teke på seg kyrkjetenaransvaret på dugnad. Foreininga mottok tilskot for arbeidet.

Nadiia Vysochanska har fungert som kyrkjetenar ved gravferd i Hellevik bedehuskapell.

Alle gravplassar:

Alværvik Gråsteinsmur A/S er ansvarleg firma for utføring av oppgåver knytt til gravferder og tilsåing av graver. Større arbeid utover vanleg vedlikehald blir og utført av desse, på alle gravplassane.

Dale gravplass

Det er inngått samarbeidsavtale med Dale Dekk & Service v/Frode Hellebust om stell og vedlikehald av Dale gravplass. Arbeidet omfattar mellom anna plen- og plantestell, kantklipp, brøyting og strøing gjennom vinteren.

Guddal gravplass

Det er inngått samarbeidsavtale med T. Guddal Service og Utleige v/Tarjei Guddal om stell og vedlikehald av Guddal gravplass. Arbeidet omfattar mellom anna plen- og plantestell, kantklipp, brøyting og strøing gjennom vinteren.

Gravplassane i Hellevik og Folkestad

Til vedlikehald på dei to gravplassane i ytre Fjaler, Hellevik og Folkestad, har soknerådet avtale med Jostein A. Folkestad. Han er sjølvstendig næringsdrivande.

LIVSRITER

	2021	2022	2023	2024	2025
Dåp	23	28	14	29	35
Konfirmasjon	27	21	27	22	42
Vigsel	4	3	4	7	7
Gravferd / Bisetjing	35	28	29	18	24

Aktivitet i dei ulike kyrkjene – kapella. Tala i parentes er frå 2024**Dåp:**

Vi har ei fast spalte om dåp i kyrkjebladet og på heimesida.

Det var 25 (25) i Dale kyrkje, 3 (2) i Guddal kyrkje, 0 (0) i Hellevik kapell, 4 (2) i Folkestad kapell og

0 (0) ved Korssundkrossen.

Det var 3 born busett i soknet som vart døypt i Lavik kyrkje og i Vilnes kyrkje

Konfirmant:

22 (27) vart konfirmerte i Dale kyrkje, 1 (1) i Guddal kyrkje og 4 (3) i Folkestad kapell.

Vigsel:


Det var 6 (3) i Dale kyrkje, og 1 (1) i Guddal kyrkje

Gravferd/bisetjingar:

Fordelinga var 15 (13) i Dale, 0 (1) i Guddal, 3 (1) i Hellevik og 6 (3) i Folkestad

SAMAN I TRUA, SAMAN I KYRKJA

Kyrkjeleg læring og undervising 2025



Dåpsfase med dåpshelsing og babysong

I dåpssamtalen får kyrkja eit første møte med familiane. Til eitt-, to- og treårsdagen for dåpen, sender kyrkja ei helsing til familiane med informasjon om dei kristne høgtidene; jul, påske og pinse – med fokus på ei høgtid per brev.

Babysong vert arrangert annakvar måndag på Ljosheim, med tilpassing til vinter- og haustferie og pause på sommaren, det er kantor i Askvoll har hatt ansvaret for dette tiltaket. Til saman var det 27 born innom.

Småbornssong vart arrangert kvar siste laurdag i månaden på Ljosheim, med tilpassing til vinter- og haustferie og pause på sommaren, det er kantor i Askvoll har hatt ansvaret for dette tiltaket.

Vi tykkjer det er kjekt å sjå att borna frå babysong under småbornssong-samlingane, og at sysken blir med. Vi ser at dette, både baby- og småbornssong, er ein viktig sosial arena for medlemmene i soknet. I 2025 var det 27 born på småbornssong - same antal som på babysong.

To-, fire-, og seksårssamlingar

I samband med desse tiltaka får borna delt ut bøker i same bokserie. To-åringane hadde ei laurdagssamling i januar, 14 toåringar deltok, 67% av årskullet på 21.

Fireåringane hadde ei samling ein laurdag før utdelingsgudsteneste i november. 13 av 21

fireåringar deltok, ein deltakingsprosent på 62% i 2025.

Seksåringane som har sitt opplegg i september og 10 av 18 deltok der deltakingsprosenten er 58%.

Påskevandring, gudstenesteagentar og Den store forteljinga (minikonfirmantar)

Dette er tiltak for dei som er 9, 10 og 11 år, der påskevandring er for den yngste gruppa, gudstenesteagentar for dei i midten, og Den store forteljinga for dei eldste. Desse tiltaka går kvart år.

Påskevandring hadde ein oppslutnad var på 63%.

Samlinga med Gudstenesteagentane hadde ein oppslutnad på 29%.

Den store forteljinga hadde ei oppslutnad i 2025 på 100%.

Kirkerottene

Kirkerottene hadde framsyning i Dale kyrkje for born i barnehagane. Kirkerottene er eit teater frå Gjøvik med teater for born. I planen har vi Kirkerottene som eit tiltak for 5-åringar, og oppslutnaden denne gongen var 74%. Det var femåringar frå Dale som deltok, då dette føregår i ordinær arbeidstid krevjer det for mykje ressursar frå barnehagane i Flekke og Våge til at dei prioriterer deltaking.

Middag og misjon

Her inviterer vi 8.-klassingar til eit opplegg om misjon i samarbeid med Det Norske Misjonsselskap, NMS. Det er fokus på kyrkjelydens misjonsprosjekt som er NMS sitt arbeid i Midtausten. Tiltaket blei ikkje gjennomført i 2025.

Konfirmasjon

Det var mange som slutta seg til kyrkjeleg konfirmasjon i Fjaler. Forutan deltaking i gudstenester og vanlege samvær, er konfirmantane med på ulike aktivitetar, mellom anna konfirmantfestival på Sande, samt at dei deltek på Kirkens Nødhjelp sin innsamlingsaksjon før påske. Det blei gjennomført ein dør-til-dør-aksjon til Kirkens Nødhjelp. Deltakingsprosenten for konfirmasjon var i 2025 var 100%.

Tiltak etter konfirmantaldar - Solidaritetskonsert

Solidaritetskonserten 8. april markerte avslutninga på innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp og er obligatorisk for konfirmantane. Konserten er eit samarbeid mellom Kyrkja og Kulturskulen. Blant deltakarane er ungdom under og over konfirmantaldar. I 2025 deltok sju elevar frå Kulturskulen, Ungdomskoret frå Kyrkja og ein elev frå UWC.

Kyrkje-skule/barnehage-samarbeid

I 2025 gjekk alle skule- og barnehagegudstenestene som planlagt.

Det blei elles arrangert eit 4-timars bibelkurs for femte årssteg på skulen i KRLE-faget. Dette kurset heiter «Vandring gjennom Bibelen», og blei gjennomført i 2025.

INSTITUSJON og DIAKONI

Institusjon

Det er andakt på Fjaler sjukeheim annankvar tysdag kl. 17, dei fleste med sokneprest og kantor. Prest har òg vore på besøk til dei som har ønskt det. Det blei arrangert julemesse på sjukeheimane første søndag i advent med andakt av soknepresten.

Diakoni

Det meste av den kyrkjelege aktiviteten har eit diakonalt preg. Diakoni er «evangeliet i handling, uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.»

Av konkrete årlege tiltak er Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjonen. Til jul deler vi ut blomar til pårørande, busett i kommunen, som har mista eit nært familiemedlem i løpet av året. Dette blei gjennomført som planlagt i 2025.

Gudstenesteliv

Gudsteneste-deltaking står sentralt både i korarbeid, musikkarbeid og trusopplæring. Til julaftan, lysmesse, konfirmasjon og helgemesse er oppmøtet stort, i tillegg til einskilde gudstenester i trusopplæringa. Ved andre gudstenester kan frammøtet variere. Vi er glade for at så mange er positive til kyrkja og kjem når dei blir invitert.

I trusopplæringa møter som oftast familieane opp når barnet deira skal vere med. Det same skjer når kora deltek. Sånn sett er dette arbeidet veldig viktig, og bidreg svært mykje til den auka oppslutninga.

Krossvandring og Lysvandring

I tida før og etter påske har vi to ulike vandringar rundt Dale kyrkje. Kvar av vandringane har 14 stasjonar, kvar med plansjar med bilde og bibeltekst. Den første vandringa er krossvandring som handlar om kva som skjedde i den stille veka i tida frå palmesøndag til påskedag. Den andre vandringa er lysvandring som handlar tida etter Jesu oppstode. Mange set pris på å kunne gå rundt kyrkja, sjå bilete og lese om dette. Denne vandringa blei ikkje gjennomført i 2025. Men det er tenkt at denne blir sett opp einskilde gongar framover.



MISJONSAVTALE NMS

Fjaler sokn har ein misjonsavtale med Det Norske Misjonsselskap (NMS) og støttar arbeidet deira i Midtausten. Gjennom året blir det gitt takkoffer til misjonsprosjektet i gudstenester.

NMS sender ut brev til kyrkjelydane fleire gongar i året, og desse kan du lese i kyrkjebladet. Vil du vite meir om arbeidet, kan du besøke nettsida www.nms.no

GRØN KYRKJE

Fjaler sokn held fram som Grønn kirke (tidlegare "grøn kyrkjelyd"). I 2024 vedtok soknerådet ein revidert handlingsplan med tiltak innan: Forankring i kyrkjelyden. Gudstenesteliv. Diakoni, undervisning og misjon. Informasjon og samarbeid. Innkjøp, forbruk og avfall. Energi, transport og reise, samt eigne tiltak.

KOR OG KORARBEID v/ kantor Mark Taylor

Kantor Mark Taylor er musikalsk leiar for kora. Cantus og Dale barnekor/Ungdomskoret har sine eigne styre, mens Guddalskoret er fullstendig drifta av Fjaler sokn. Dei ulike kora har sine eigne årsmeldingar som gir utfyllande opplysningar om aktiviteten. Sjå heimesida www.kirken.no/fjaler

Cantus, Dale barnekor og Guddalskoret deltok i lag på visitasgudstenesta med biskopen.

Dale barnekor

Dale barnekor hadde 28 medlemmer i alder 8 til 12 år i 2025, 6 av desse var gitar. Koret hadde 39 øvingar på Dingemoen skule, song på 9 gudstenester pluss 2 skulegudstenester i Dale kyrkje, heldt 2 konsertar på sjukeheimen (vår og jul) og song med UWC-koret på UWC til dronning Sonja, fylkesordføraren og andre gjestar i 30-årsjubileumskonserten for UWC.

12 born deltok på Ung Kirkesang Vest sitt vartreff på Sætervika leirsenter 4.-6. april.

Ungdomskoret

Våren 2025 gjekk 7 jenter i 7. klasse i Ungdomskoret. Ungdomskoret hadde 12 øvingar på Dingemoen skule, song på 2 gudstenester, samt innslag i solidaritetskonserten i Dale kyrkje. Ingen ville fortsetje etter sommarferien og ingen nye kom til, så Ungdomskoret er nedlagt.

Guddalskoret

Koret hadde 9 vaksne kvinnelege songarar i vårsemesteret, men to flytta frå Guddal slik at koret enda 2025 med 7 medlemmer. Det var 18 øvingar i Guddal kyrkje, 1 øving på sjukeheimen som ei songstund for dei eldre og koret deltok på 11 gudstenestene i Guddal.

Koret er viktig for gudstenesteoppmøte og deltaking. I tillegg medverkar koret på julekonserten i Guddal kyrkje den 14. desember. Koret er sosialt og ein av dei få fritidsaktivitetane som er igjen i Guddal – eit godt diakonalt tiltak.



Blandakoret for voksne, Cantus

Cantus hadde 20 medlemmer i 2025, men fleire slutta slik at koret hadde 15 songarar ved årets slutt. Koret deltok på 6 gudstenester i Dale kyrkje, samt julekonserten og 3 konsertar på sjukeheimen, vår, haust og jul. Cantus heldt sin eigen vårkonsert i Dale kyrkje 4. juni.

Gudstenester

Vi er glad for at fleire utanom kora stiller med innslag på gudstenester. Dale Musikkorps stiller på høgtidsgudstenesta 1. juledag i Dale kyrkje. Songsolistar som Anne Marte Ospedal Haugen og Ragnhild Høgseth Felde har deltatt med song i Dale. I Folkestad har ei vaksensonggruppe og Søstrene Våge sunge. Vi takkar alle.

KONSERTAR I FJALER

Dale kyrkje

Tysdag 8. april: Solidaritetskonsert med Kulturskolen, Ungdomskoret og UWC. 76 til stades.

Onsdag 4. juni: Vårkonsert med Cantus. 63 til stades.

Søndag 10. august: Line Dybedal med band - avslutningskonsert i Fest i Fjaler-helga. 81 til stades. Soknerådsmedlemer stilte som medhjelparar og vakter i kyrkja.

Søndag 21. september: Fredskonsert med Eline Sundal (cello, song, glas) og Mark Taylor (orgel og piano). 27 til stades.

Tysdag 9. desember: Julekonsert med "Julesong. 370 til stades.

Tysdag 16. desember: Den store julekonserten med lokale aktørar. 385 til stades.

Guddal kyrkje

Søndag 14. desember: Julekonsert med Mark Taylor (orgel), allsong og korsong v/ Guddalskoret. 32 til stades.

Folkestad kapell

Mark Taylor spela ein kort orgelkonsert før høgtidsgudstenesta påskedag (32 til stades).

KOMMUNIKASJON UT

Kyrkjeblad for Fjaler kjem ut 3 gongar i året.

Redaktørar er soknepresten og kyrkjesekretæren.

I tillegg til staben på kyrkjekontoret, har Atle Lyngstad Ness hjelpt oss med stoff til bladet.

Vi er takksame for alle som finn kyrkjebladet interessant og betaler bladpengar som gjer det mogleg for oss å gje det ut.

Fjaler sokn har heimeside/nettside www.kyrkja.no/fjaler og er på Facebook. Kunngjering elles skjer gjennom plakatoppslag og «Det skjer» i avisa. Kyrkjesekretær Hildegunn Hellest har hovudansvaret for å få sendt kyrkjebladstoff til trykkeriet, og informasjonen ut på sosiale medium.

Kyrjekontoret i Dalehuset i Dalstunet. Vi trivst i kontorlokala sentralt i Dale, nær kyrkja. Fleire og fleire nyttar nettet ved kontakt, slik at både telefonoppringingar og besøk på kontoret har gått ned år for år.

Minnegåve ved Kari Hovland Sæle sin bortgang.

Kari Hovland Sæle, mangeårig trufast frivillig for det kyrkjelege liv i Fjaler. Fysst som ansvarleg for søndagsskulen i Hovland og på det siste aktiv i kyrkjelydsarbeidet i soknet. Ved hennar bære vart det tildelt minnegåver på kr 11 050 til kyrkjelydsarbeidet. Desse gåvene er sett av på kapitalfondet til arbeidet i soknet. Vi er takksame for gåva og alle år med krefter og hjartelag som Kari Hovland Sæle viste kyrkjelyden og fellesskapet.

KYRKJER

Dale kyrkje

Det har vore utfordringar med lysbryterane til kyrkjeromet, samt noko jordfeil i våpenhuset. Dette er under utbetring og vil takast så snart som mogeleg i 2026.

Soknerådet vedtok i sak 58/25 å bestille puter til kyrkjebenkane i skipet, som skal ligge der fast. Desse er i bestilling og er venta ila våren 2026.

Prosjektgruppa til HC-toalettet, med kyrkjevevja, nestleiar i soknerådet og ARKI arkitektar AS har landa på nokre forslag som er sende inn til riksantikvaren for vurdering av «beste løysing». Når vi får svar på dette er neste steg branntekniker/branningeniør for vurdering om det er gjennomførbart, så skal vi få ein byggingeniør til å sjå på det, før vedtak i soknerådet og søknad til biskopen+riksantikvar blir sendt ut. Dette er arbeid som vil føregå over dei neste 2-4 åra.

Guddal kyrkje

Taket på skipet og koret har blitt bytta i 2025, og det har blitt installert ein smart dings til flomlysa, som gjer at dei no er styrte på eitt slags «solur». Denne stillast enkelt inn frå telefonen via BT. Elles har det ikkje blitt gjort arbeid på kyrkja. Meir detaljar om taket finn du fysst i årsrapporten.

Hellevik- og Folkestad bedehuskapell er to kapell eigd av ulike organisasjonar, der soknet er leigetakar.

GRAVPLASSFORVALTNINGA

Dei fire gravplassane; Dale, Guddal, Hellevik og Folkestad, hadde alle vanleg vedlikehald. Vi får jamt over gode tilbakemeldingar på vedlikehaldet, og det var noko av det fyste biskopen nemnde under visitasen.

Gravminne

Sidan 1998 har vi formidla tenesta med innhogging av nye namn og oppussing av gravminne, der soknet får ein liten provisjon som takk for formidlinga. Det er kjærkomne inntekter.

Ny Dale gravplass

Fjaler kommune inviterte i 2024 Fjaler sokneråd til dialog og drøftingar om grunnlagsarbeid for ny gravplass som i samfunnsdel og kommunedelplan for Dale sentrum 2026-2038. Kyrkjeverja har vore i to møter med kommunedirektør og teknisk sjef om samhandling av prosessane framover for dette.

Dale gravplass

Det er inngått avtale med Dale Dekk & Service om utføring av stell og vedlikehald på Dale gravplass som inkluderer plenklipping og hekkklipp på sommaren, og strøying og brøyting på vinteren.

Folkestad gravplass

Kyrkjeverja har avtale med Jostein Folkestad, som sjølvstendig næringsdrivande, som vedlikehaldet på gravplassen. Det er i 2025 utført ordinært stell og vedlikehald gjennom sommarhalvåret.

Hellevik gravplass

Kyrkjeverja har avtale med Jostein Folkestad, som sjølvstendig næringsdrivande, som vedlikehaldet på gravplassen. Det er i 2025 utført ordinært stell og vedlikehald gjennom sommarhalvåret.

LJOSHEIM – FORSAMLINGSHUSET I DALE

Ljosheimbasaren var 7. februar. Basaren gav det flotte resultatet på ca kr 57 000,-, dette er ny rekord. Det var stort engasjement og god deltaking også under årets basar. Fjaler sokneråd er takksam for den store innsatsen mange legg ned for Ljosheim.

Soknet bruker Ljosheim til eigne aktivitetar. Cantus har korøvingane sine fast onsdagskveldane. Der har vore babysong, småbarnsong og bønnemøte, soknerådsmøte og nokre samlingar i samband med kyrkjevalet.

Storsalen har vore litt utleigd til yoga, konfirmasjon og dåpsfestar.

Matsalen har vore brukt til servering av mat til konfirmantane som har samlingane sine i kyrkja. Matsalen har vore elles vore utleigd til ein del minnestunder gjennom året, og til dåp- eller konfirmasjonsfestar ved stor pågang.

Ljosheim har fått installert internett via antenneforbindelse til kyrkjekontoret. Dette sørger for god utnytting av eitt nettverk vi allereie betaler for, at administrasjonen kan arbeide meir saumlaust og at dei som er innom Ljosheim får ei god oppleving under arrangement ved at telefonar og datamaskiner kan brukast utan vansker.

Det er ikkje gjort anna vedlikehald på bygget dette året. Og framover er det nytt belegg i gangane i kjellaren som må gjerast. På kjøkkenet trengst det og fornying og supplering av diverse utstyr.

Kyrkjeverja tykkjer det bør vurderast å lage til eitt betre kjøken i småsalen slik at ein kan leige ut til to separate arrangement samstundes.

Vi ønskjer meir utleige og håpar at fornyingane som har blitt gjort, og som skal gjerast, fører til meir aktivitet.

ULØYSTE PROSJEKT PÅ KYRKJER OG GRAVPLASSAR

Prosjekt som det må jobbast vidare med å få gjennomført:

Dale kyrkje

Vindauge – omkitting, byte ut knuste ruter og måling

Nye brudestolar må på plass fordi dei knallraude som er i kyrkja, passar verken i form eller farge. Sikkerheitsgitter på røyromnane under benkane – gitter er motteke frå Førde kyrkje, for tilpassing til Dale kyrkje. Inntil vidare er dei lagra i reiskapshuset ved Dale gravplass.

Slipe og lakke golvet i kyrkjeskipet.

Planleggje påbygg på inngangspartiet, eventuelt ombygging inne. Livslausstandard på toalett, dåpsventerom og lagerplass.

Guddal kyrkje

Lakke golvet

Vindauge, omkitting, byte ut knuste ruter og måling ila dei neste 7-10 åra.

Dale gravplass

Utvide med ny gravplass

Omregulere gravplassen slik at drifta vert lovleg med graving etter koordinat og fastmerkjer, og auke storleiken på gravene. Teikne nytt kart over gravplassen der graver som er yngre enn 25 år er nøyaktig plasserte.

Guddal gravplass

Teikne nytt gravkart i samsvar med nye krav.

Hellevik gravplass:

Planting

Folkestad gravplass:

Plante ved det nye gravfeltet m.m.

Vedlikehald av steinmuren rundt delar av gravplassen

FJALER SOKN SIN REKNESKAP 2025

Fjaler sokneråd er takksame for godt samarbeid, og for driftstilskot frå kommunen.

Tala nedanfor er omtrentlege for enkelheits skuld, dei inkluderer alle tenester soknet har ansvar for mellom anna Ljosheim, difor stemmer ikkje nøkkeltala overeins med rekneskapen. For detaljert rekneskap kan ein be om innsyn i soknerådet sin møteprotokoll, denne er offentleg tilgjengeleg på etterspørsel.

Nøkkeltal drift

Inntekter	2025	2024
Tilskot frå kommunen	3 859 900	3 715 000
Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter	473 200	331 500
Refusjonar og overføringar	52 100	712 000
Statlege tilskot, DnK	242 000	234 000
Andre tilskot, gåver og innsamla midlar	312 500	307 800
SUM driftsinntekter	4 938 800	5 300 300
Utgifter	2025	2024
Løn og sosiale utgifter	3 175 300	3 372 000
Kjøp av varer og tenester , inkl vedlikehald	1 060 000	1 275 000
Refusjonar og overføringar	292 000	260 000
Tilskot, offer og gåver, til andre	130 000	133 700
SUM Driftsutgifter	4 657 300	5 040 700
Netto driftsresultat	281 500	259 600

Kommunen sitt økonomiske ansvar overfor den lokale kyrkja finn ein i «Lov om tros- og livssynssamfunn» (trossamfunnsloven) Kap 3 § 14. *Finansiering av Den norske kirke* og «Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd» (gravplassloven) § 3 *Gravplassmyndigheten og kommunens ansvar*, 2-3 ledd.

Disponering av mindreforbruk

Rekneskapen for 2025 viser eitt mindreforbruk på kr 189 445,11,-. Dette setjast av på ubunde driftsfond. På denne måten er det mogeleg å bygge seg opp ein buffer til å takle høgare kostnader med mellom anna pensjon og reduserte inntekter i festeavgifter.

Nøkkeltal frå investeringsrekneskapen

Fjaler kommune gav ei ramme på kr 1 060 000,- til rehabilitering av tak på Guddal kyrkje, arbeidet enda på totalt 798 609 kr, noko som gjer at vi kan setje av ca 191 000 kr til investeringsfond til seinare arbeid med taket på Guddal kyrkje.

Rekneskapen til Fjaler sokn vert førd av Fjaler kommune og revidert av kommunerevisoren, Vestland revisjon, Kommunalt Oppgåvefelleskap.